



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		13145/2015/203	Anita Steinbru	02.03.2015

Overføring av skatteoppkrevningsfunksjonen til Skatteetaten - fleire statlege arbeidsplassar til Kristiansund

Vi står no overfor store organisatoriske endringar i statlege institusjonar, der målet er å utvikle sterke og meir robuste faglege miljø som skal sikre kvalitet i tenestene. Politietaten, høgskolane, helseføretaka m.fl. gjennomgår strukturelle endringar som får store konsekvensar for enkelte kommunar. Retningslinene for den statlege lokaliseringspolitikken skal hindre at slike endringar gir skeive regionale utslag.

Møre og Romsdal har færre statlege arbeidsplassar enn snittet for landet, og Kristiansund kommune er mellom kommunane som kjem dårlegast ut. Dette gjer at fylkeskommunen og Kristiansund kommune no gjer eit felles utspel i høve til sentrale styresmakter, jamfør vedtaket i Fylkesutvalet 26.01.2015:

- 1. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal går imot at skatteoppkrevarfunksjonen skal overførast frå kommunane til den statlege skatteetaten.*
- 2. Dersom det likevel blir ei overføring av skatteoppkrevarfunksjonen, krev fylkesutvalet at Skattedirektoratet vurderer dei regionale fordelingane på nytt når det gjeld lokalisering av skattereknskapsfunksjonen og legg hovudavdelinga for denne til Kristiansund.*
- 3. Det blir sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå Kristiansund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune til å følgje opp arbeidet.*

På bakgrunn av dette ber fylkeskommunen om eit snarleg møte med politisk leiing i Finansdepartementet for å legge fram argumenta for å lokalisere hovudavdelinga for skatterekneskapsfunksjonen til Kristiansund kommune.

Vi tek kontakt pr telefon for å følgje opp dette i løpet av denne veka.

Med helsing

Jon Aasen
fylkesordfører

